



Tryggheimhelsing



Nye med-
arbeidrarar
s. 6



Jubilantar
s. 8-10



Skulestart
s. 12



SKULESTART

s. 4-5

Rektor har ordet



Menneskeverd, 22. juli og Israel

På Tryggheim er menneskeverdet viktig. Vi ønsker i personalet å skape føresetnader for at kvar enkelt elev skal føle seg respektert, akseptert og ivaretaken. I sommar vart menneskeverdet krenka på ein så konkret og frykteleg måte at vi sat som lamma.

"Noget af dets liv i sin hånd"

Det er ei rik oppgåve og eit stort ansvar å ha med barn å gjere. "Den enkelte har aldri med et andet menneske at gøre uden at han holder noget af dets liv i sin hånd," seier den danske filosofen Løgstrup. Arbeidet i klasserommet er basert på gjen-sidig respekt og tillit. Læraren er forplikta til å bry seg om elevane. Om elevane møter eit medmenneske i læraren, vekker det undring og sidan glede. Biskop Eivind Berggrav sa det slik: "Det å omgås barn er som å behandle voks, absolutt alt setter merke og blir til en bestemmelse av barnet... Derfor må vi som mor – bære barna ved vårt hjerte. Det miljø som er uten hjerte kan aldri utføre skaperens vilje med barneoppdragelsen." Dette har med vårt menneskesyn å gjere.

Menneskeverdet krenka

På Tryggheim er menneskeverdet viktig. Vi ønsker i personalet å skape føresetnader for at kvar enkelt elev skal føle seg respektert, akseptert og ivaretaken. Det er sagt at "menneskeverd er den ibuande verdien eit menneske har, altså at verdien er i mennesket sjølv, ikkje kva mennesket gjer eller kven det er." Det er sant.

I sommar vart menneskeverdet krenka på ein så konkret og frykteleg måte at vi mest sat som lamma. Sjølv var vi på ferie i Frankrike 22. juli – då det grufulle skjedde i Oslo og på Utøya.

Frå Frankrike hørde vi kronprins Håkon Magnus kome med kloke og velvalte ord på ei sterkt minnesamling. Han tala om at ein ikkje kan gjere noko u gjort, men ein kan velje kva dette skal gjere med ein. Han tala også om kor viktig det er kva mennesket byggjer livet sitt på.

Jødane vart også krenka

Mange menneske har vorte krenka opp gjennom historia. Vi minnes sist hendingane frå Tunisia, Egypt, Libya og Syria. Går vi 70 år attende, minnes vi eit folkeslag som systematisk vart krenka over fleire år, av store deler av Europa med Nazi-Tyskland i spissen. Det var ei krenkande hending utan sidestykke i historia. Vi hadde husbyte med ein fransk familie i sommar. Vi reiste ned til ein koseleg liten by, Belfort. Ei nabokvinne heitte Micheline. Ho var jøde, 80 år gammal og svært gjestfri. Det vart for sterkt for henne å høyre om hendingane på Utøya. Micheline gret då ho hørde om dei

som vart skotne ein etter ein. Ho mintes krigen. Ho mintes at bror til faren vart skoten av nazistane. Det var sterkt å møte Micheline.

To Vg3PB-klassar

Denne hausten er vi glade for å kunne tilby fleire elevplassar på Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse på Tryggheim. Ikkje minst når fylket er i ferd med å redusere dette tilbodet, var det rett å få dette på plass. Vi vonar og trur at dette vil halde oppe den gode søknaden til dei yrkesfaglege utdanningsprogramma på skulen.

Ordet vender ikkje tomt tilbake

I skrivande stund har vi forlenga møte-serie med Per Tveten og Magne Birkedal. Det går svært mange ungdomar på møta. Nokre har vedkjent at dei vil følgje Jesus. Andre fekk stadfesta ei personleg tru, at dei ikkje skulle leve på far og mor si tru lenger. Desse seier sjølve at vi treng fleire slike møte. Det er stort.

Eit viktig val

Det har vore val i haust og mykje engasjement. Det er eit val som er viktigare enn noko anna val i livet! "Lær den unge den vegen han skal gå! Så vik han ikkje frå han når han vert gammal." (Salomos Ordtak 22,6). Her er store oppgåver! Takk for omsorg og forbøn!

Gjermund Viste

Mitt val

Nyleg har me gjort unna val i Noreg, både kommune- og fylkestingsval og sokneråds- og bispedømmerådsval. Alle desse er viktige val og kan bety mykje på forskjellige felt. Det betyr noko for andre og meg sjølv korleis eg røystar på personar og parti.

Eit anna val i livet er viktigare enn noko anna, det er valet om eg vil fylgja Jesus. Det valet har stor innverknad for tida her på jord, og for kor eg vil fortsetja evigheten.

Etter at Jesus hadde tala om seg sjølv som livets brød, vart det sterke meiningsutvekslingar og nokre valde å gå bort derifrå. Læresveinane fekk etter dette eit direkte spørsmål frå Jesus: «Vil de òg gå bort?» Då var det Peter som svara: «Herre, kven skal me gå til? Du har det evige livs ord, og vi trur og veit at du er Guds heilage» (Joh. 6, 67). Paulus, som seinare vart ein av dei store Guds utvalde, fekk dette

valet: «Det vert hardt for deg å stampa mot brodden» (Apg. 26, 14). Det vert hardt å kjempe mot Gud, kan henda du har opplevd det. Då var det godt å leggja årene inn og la seg frelsa av Jesus.

For Paulus vart det dramatisk på mange vis i forhold til hans fortid og framtid, men han heldt seg på Gud si side. Gud velsigna livet hans, det vil han òg gjera med ditt liv om du vil velja han.

Det gode val er å velja Jesus til glede og nytte både for seg sjølv og sine omgjevnader, både for fortida og æva. Godt val!



Gunnar Aanestad,
vaktmeister

ELEVSTEVNET 2011

Det tradisjonelle elevstevnet for tidligere Tryggheim-elever ble arrangert 12.-14. august. 50- og 60-årsjubilantene kom fredag ettermiddag, mens 10-, 20-, 30- og 40-årsjubilantene kom til kaffe på lørdag. Siden Tryggheim ikke var i drift som skole under krigen, var det ingen 70-årsjubilanter i år.

Programmet for helgen var stort sett som før. Lørdag formiddag kunne alle 50- og 60-årsjubilantene være med på en flott busstur på Jæren. På denne turen fikk jubilantene blant annet se det nye meieriet og gartneriet i Kviamarkå og de nye store vindmøllene på Høg-Jæren. Det ble

også tid til en stopp på NLM sitt leirsted Holmavatn.

Oddmund Gravdal var taler på jubileumsfesten på lørdag. Under fotografering av jubilantgruppene fikk vi høre hilsninger om hva året eller tiden på Tryggheim

hadde betydd for mange. På søndagsmøtet talte Gjermund Viste. Etter en god middag var det tid for oppbrudd. Det virket som om alle jubilantene reiste fornøyde hjem etter en gild helg.

Elevstevnet blir alltid arrangert den siste helgen før skolestart. På nettsiden til skolen vil du snart finne mer informasjon om neste års stevne. Du som snart er jubilant må passe på å få med deg dette stevnet.

Torleiv Hau

Du kan se bilder av jubilantene på side 8 og 9.

SKULESTART

Skulestart er ei travl tid på den sosiale fronten. Nye og gamle elevar skal ristast i hop og nye venskap oppstå. Dei to første vekene er det kvar dag aktivitetar av ulikt slag. Det er etter alle solemerke den beste måten å skaffe seg nye veneir på, og sosiallærarar og andre miljøarbeidarar har stadig oppmuntra alle til å bli med på det som skjer. Eittåringane denne vinteren, Solveig Tonstad og Kristian Thorsen, har knipsa litt frå nokre av hendingane.



Preikestolen er ein av dei mest besøkte attraksjonane i Rogaland. Det vart ein god søndagstur også for gjengen på nesten førti stykke frå Tryggheim. Dei trassa regn og blåst og hadde det etter seiande veldig kjekt. På toppen fekk dei løn for strevet med god utsikt og klart ver. Ingrid Vatnar Olsen forsøkte likevel å nå endå høgare ved å klatre opp på skuldrene til Tormod Warren. Elles ser Vidar Gjedrem, Tormod Warren og Marte Holmen ut til å nyte stunda.



Det har vorte tradisjon at tredjeklassingane reiser på helgetur i august for å velje russestyre og styrke fellesskapen. Nesten hundre russar fór av garde til Tonstadli. Samansveising, kreativitet, humor, men også alvor prega helga. Ein ganske liten gjeng valde fjelltur i ruskever, medan resten tok ut aktivitetstrøgen i idrettshallen eller på ein stol hos bakanen. Eline Austbø var ivrig med kameraet både inne og ute.





Ein kveld gjekk turen til bowlinga på Bryne. Ti banar med åtte spelarar på kvar, forutan dei som berre var med for det sosiale, blei rundt rekna hundre stykke. Dette var eit arrangement først og fremst for nye elevar, internatbuarar som heimebuarar, så her var mange førsteklassingar, men også nokre frå andre klassesteg. David Usken ser ut til å vere glad og nøgd.



Tradisjonen tru skipa sosialgruppa til Jærkveld på Holmavatn. Her var det møte først, og så full innsats i konkurransen «Vinn på minuttet» og blankeleiken. Grillingen var også eit samlingspunkt, og det blir fortalt at nokon ikkje berre testa badetemperaturen, men også heiv seg uti.



Volleyballturneringa føregjekk ein av dei fine dagane.

RUSSESTYRET 11/12

President: Kathrine Kristensen
3STB 47 64 41 02
mail: kathrinekristensen_kk@hotmail.com
Visepresident: Hanne Egeland
3PBA 46 78 24 94
mail: hanne.egeland92@hotmail.com
Møtesjef: Magdalena Bø
3STA 98 61 76 60
mail: shaggi_kult@hotmail.com
Teknisk sjef: Terje Ydstebø
3PBB 97 03 80 94
mail: ydstebø@hotmail.com
Redaktør: Inga Juvkam
3STB 41 85 67 14
mail: inga_93@hotmail.com
Underholdningssjef: Torill Gilje
3STA 97 18 64 98
mail: torillgilje@hotmail.com
Økonomisjef: Beate Håland
3STA 98 65 50 22
mail: skilpaddene@hotmail.com
Innkjøpssjef: Andre Skåland
3PBB 90 63 50 93
mail: andre_skaaland@hotmail.com
Idrettssjef: Magnar Øygarden
3PBA 95 46 32 43
mail: magnar_oygarden@hotmail.com

Andre kontaktpersoner (utenom styret):

Basarsjef: Mariann Bjånes
3PBB 48 29 48 74
mail: mariann.932@hotmail.com
Vise-redaktør: Kathrine S. Dahl
3PBA 41 54 07 56
mail: k_siewartz_d@hotmail.com

GUDS ANDE I ARBEID PÅ MØTEVEKE

Fra 6. til 11. september var det møteveke på Tryggheim. Eigentleg skulle møta ha byrja veka føre, men forkynnaraane, Per Tveten og Magne Birkedal, vart «ståande» annanstad. Kanskje hadde utsetjinga auka trøngen, for alt frå fyrste kvelden kom uvanleg mange elevar til samlingane. Torsdag kveld deltok tre hundre! Endå meir gledeleg var det at fleire vedkjende Jesu namn for fyrste gong under møta. Andre, som hadde rekna seg for kristne fordi mor og far var det, fekk stadfesta ei personleg tru. Rektor Gjermund Viste seier: «Vi hadde en forventning før møtene, og vi fikk oppleve løftet i Guds Ord om at Ordet ikke vender tomt tilbake (Jes 55,10-11).» Elevar bad om fleire slike møte, og dei to kom tilbake tysdag den 20. til tre nye kveldar.

Ingvar Fløysvik

Nye medarbeidrarar ved Tryggheim Vidaregåande skule



Namn: Kristian Thorsen

Alder: 19 år
Bustad: Nærø. Kjem frå Riska.
Stilling: Miljøarbeidar. Skal planleggja aktivitetar for internatelevane og skapa eit godt miljø på internatet.
Interesser: Bil.



Namn: Brith-Jorunn Hovda

Alder: 42 år
Bustad: Nærø. Opphavleg frå Noredalen i Sandnes. Har vore åtte år i Peru som misjonær for NLM. Kom tilbake i sommar. Stilling: Fagarbeidar. Underviser to elevar med spesielle behov i kristendom og kvardagstrening.
Interesser: Gå tur, lytta til musikk og slappa av med ei god bok.



Namn: Solveig Tonstad

Alder: 20 år
Bustad: Nærø. Kjem frå Tonstad.
Stilling: Miljøarbeidar. Skal planleggja aktivitetar for internatelevane og skapa eit godt miljø på internatet.
Interesser: Likar å vera sosial og henga med folk. Diggar kakao med krem.



Namn: Ingvar Fløysvik

Alder: 52 år
Bustad: Bryne. Opphavleg frå Forsand. Var 12 år på Taiwan, sendt ut av NLM, åtte av dei ved China Lutheran Seminary. Har elles vore lærar ved Fjellhaug Misjons-høgskole, Dalane kristne skule og Vikingså skule.
Stilling: Lærar. Underviser i norsk og engelsk.
Interesser: Gler seg til den nye bibelom-setjinga kjem ut 19. oktober.



Namn: Kjetil Halvorsen

Alder: 42 år
Bustad: Varhaug. Har vore sju år i Peru som misjonærar for NLM. Var dei siste fire åra ansvarleg for Bok & Media på Bryne og Nærø.
Stilling: Administrasjonsleiar. Har ansvar for opptak av elevar og for Tryggheim-basaren, er leiar for serviceavdelingane (reinhold, drift og kjøkken) mm.
Interesser: Oppteken av at fleire skal få kjenna Jesus, koma til Gud og få evig liv.



Namn: Magne Vatland

Alder: 36.
Bustad: Nærø. Opphavleg frå Vatland i Sokndal. Har studert ved Fjellhaug, NLA og Universitetet i Bergen. Har vore lærar ved Sygna vgs og Dalane vgs. Var 6 år i Indonesia som utsending frå NLM.
Stilling: Lærar. Underviser i norsk og kristendom.
Interesser: Lesing og trearbeid. Engasjert i søndagsskullearbeid både i Indonesia og Noreg. Oppteken av å styrkja bibelopplæringa blant born og unge.

Minneord om Gordon Landro



Ein pult står tom på arbeidsrommet på byggavdelinga på Tryggheim vidaregåande skule. Lærar Gordon Landro, døydde 9. september 2011, berre 60 år gammal. Han hadde då kjempa med kreftsjukdommen i 2½ år.

Gordon byrja på Tryggheim i august 2007. Han var ingeniør og hadde stor breidd i kurs og utdanning. Han var ein kunnskapsrik fagperson.

Gordon var gift med Synnøve (f. Helgøy). Saman hadde dei sju barn og femten barnebarn. Fire av barna har gått på Tryggheim. Dei bygde heimen sin på Helgøy i Ryfylke.

Gordon likte seg på Tryggheim og hadde omsorg for elevane. Han spurte etter dei, og han bad for dei. Det vart mange gode samtalar. Gordon likte ei god historie og ein god latter. Men det vart også oppbyggjelge og åndelege samtalar.

Gordon var av og til innom på bønemøta om morgonen på Tryggheim. Der viste han bøneomsorg for skulen, personalet og elevane. På første bønemøtet etter at Gordon flytta heim, vart vi helsa med eit ord til trøyst frå Herren. «*Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har født oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde,*» 1. Peter 1,3.

Ein annan morgen fekk vi dette diktet:
*Går veien gjennom dødsmørk dal, for ondt jeg frykter ei.
For du er med, - din kjepp og stav, vil trofast trøste meg.*

Døden vert aldri lett, men for eit Guds barn er det håp midt i døden. Gordon fekk leve og døy i håpet. Han fekk trygt følgje i dødsskuggens dal av Han som har gått han før, for vår skuld, for Gordon si skuld.

Eg fekk denne helsinga frå Gordon då vi tidlegare i år mista ein kollega: «*Ei trøyst i sorga: Borte frå lekamen og heime hjå Herren. Eit veldig håp.*» Det er henta frå Bibelen i 2. Kor. 5, 9.

Våre tankar går spesielt til Synnøve, Gunstein, Katrine, Sølvi, Gerd-Kari, Kristian, Eivind og Solgunn med familiar som sit igjen med saknet etter ein god mann, far, svigerfar og bestefar.

For elevar og personalet ved Tryggheim vidaregåande skule

Gjermund Viste

Hausten etter 22.7.



Starten på eit nytt skuleår er alltid ramma inn av spent forventning. Glad latter fyller korridorar og rom, arbeid, strev og meistring finn vegen til klasseromma, sommartomme bygningar fyllest av unge menneske og deira draumar, håp og tru. Denne hausten vart likevel ein annleis haust, også her på Tryggheim. Ein månad var gått sidan terroren 22. juli då opningsfesten markerte at eit nytt skuleår tok til på Tryggheim. Hendingane i Oslo og på Utøya er noko som pregar alle, og kanskje særleg der ein arbeider med ungdomar i det daglege.

På opningsfesten vart ofra minna med tende lys og blomar. På ein fest der «raushet» var tema, var det viktig å peika på at me må gje rom for kvarandre slik at fellesskapet kan verta endå sterkare:

Fellesskap er ikkje så sjølvsagt som det var før. Den 22. juli opplevde mange eit rystande mareritt midt i kvardagen sin, midt i ungdommen sin. Mange går ein tung haust i møte med tap og traume som kan kjennast for tunge til å bera. Alle me rundt i dette vesle landet vårt kjenner oss prega på ulike måtar. Men i møte med den som vil truga fellesskapet, ser me òg at sterkare fellesskap og samhald kan veksa fram. Me tenner lys og set fram blomar for å synleggjera medkjensla vår og for å visa omtanke for alle dei som sit att fattigare denne hausten. Samstundes så er me altså samla i eit stort fellesskap her på Tryggheim. Me skal glede oss over fellesskapet og over mangfaldet som er her. Det er ei heilt opplagd kopling mellom fellesskap og raushet. Skal me ha eit varmt og velfungerande fellesskap på Tryggheim dette skuleåret, kan me ikkje berre ta det for gitt. Me må legga ned eit arbeid og vera rause i møte med kvarandre.

For Tryggheim sin del handlar det mest om beredskap og om å vera observant på eventuelle behov. Sjølv om ein ikkje kjenner til at elevar ved skulen vår er direkte ramma, kan berre det å høyra om hendingar som dette vera ei stor påkjennung for somme. Det sosialpedagogiske teamet ved skulen samarbeider med helsestøster og PPT for på best mogleg måte vera klar om elevar treng noko.

Sjølvsagt vert det sterkest fokus på desse hendingane i oppstartsvekene, men rektor understrekar at ein også vil ta med dette vidare utover i skuleåret. Som tidlegare år har ein også denne hausten ein psykisk-helsedag for alle vg 1-elevane i september. Eit liknande tilbod vert arrangert for vg3-elevane i november. Denne aktive satsinga på arbeid med psykisk helse har fått ein spesiell aktualitet på bakgrunn av hendingane 22. juli.

Målet er altså å vera klar ved behov, å tilby hjelp, samtale og oppfølging dersom det kjem signal om at nokon har det vanskeleg. Ein skal som alle år sjå og ivareta den einskilde, men denne hausten har ein fått ei ekstra påminning om kor viktig det er å ta vare på kvarandre, å støtta og hjelpe der ein kan.

Sofie Braut





Tryggheim skular 2011. 30 års jubilantar

Fotograf
Anna Nesvik



Tryggheim skular 2011. 40 års jubilantar

Fotograf
Anna Nesvik



Tryggheim skular 2011. 50 års jubilantar

Fotograf
Anna Nesvik



Tryggheim skular 2011. 60 års jubilantar

Fotograf
Anna Nesvik

Tryggheimkalender

SEPTEMBER

Tirs. 30. aug. – søn. 11. Møteuker

OKTOBER

Man.10. – fre. 14. Høstferie

Tors. 20. – lør. 29. Vg2-tur til Tyskland
og Polen

NOVEMBER

Tors. 3. Operasjon misjonsprosjekt

Tors. 3. – lør. 5. NLM vgs-samling på
Tryggheim

Tirs. 8. – søn. 20. Møteuker

Lør. 12. Foreldredag og russebasar

Man. 21. Åpen dag

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)

Sofie Braut

Ingvar Fløysvik

Bjørg Topnes

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Aud Bodil Voll

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Vissste du at...



Grethe Skibstad (BA 06-08) og Ole Morten Stokland (BA 06-08) giftet seg 28. mai

Ronny Håland (EL 02-04) og Louise Grundetjern giftet seg 28. mai

Jon Moe (AF 94-97) og Fenny Leonie Flint giftet seg 11. juni

Gabriel Vigrestad (EL 05-07) og Marianne Hegelstad giftet seg 11. juni

Elen Arnøy (EL 05-07) og Tor Helge Hadland giftet seg 11. juni

Gunhild Kvittvær (HP 97-98) og Anders Gylland giftet seg 11. juni

Randi Tjemsland (AF 87-90) og Kjetil Kristoffersen giftet seg 16. juni – i Malaysia(!)

Silje Frøystad (AF 00-03) og Idar Sandanger giftet seg 19. juni

Linda Nærland (AF 04-07) og Tore Risdal (AF 98-01) giftet seg 25. juni

Kristoffer Løvbrekke Aase (EL 06-08) og Siw-Jane Heien giftet seg 25. juni

Victoria Lerbrekk Sellevold (AF 05-08) og Kjetil Malmin giftet seg 2. juli

Malin Seglem Jakobsen (AF 06-09) og André Rovik giftet seg 9. juli

Silje Andersen (HS/HE/PB 06-09) og Lars Rødseth giftet seg 9. juli

Marianne Krog (lærer 96-03) og Bjarne Kron-Lie giftet seg 12. juli

Kristine Flaten (HS/BU/PB 06-09) og Johnny Urdal (EL/PB 07-09) giftet seg 23. juli

Elin Katrine Kvadsheim (AF 01-04) og Anders Nesset giftet seg 30. juli

Elin Stokkeland (AF 04-07) og Knut Ivar Sirevåg giftet seg 6. august

Kjetil Sørbo (AF 96-99) og Mixsy Gavilan giftet seg 20. august – i Peru(!)

Marita Usken (HS/HP/PB 03-06) og Jostein Egeland giftet seg 20. august

Randi Røgenes (AF 04-07 og miljørbeider 08-09) og Jone Askeland giftet seg 27. august

Silje Hiim (HS/HE 07-09) og Terje Madland (EL 06-08) giftet seg 24. sept.

Silje Frøystad (AF 00-03) m/ band har gitt ut ny CD, "Live fra Bryne kirke", der John Gravdal (AF 92-95 og lærer 05-06) er gjesteartist.

Vi gratulerer med både ekteskapsinngåeler og vel utført arbeid!

Dersom dere kjenner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss melding om det. Send en e-post til aanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Vi tar både med opplysninger om inngåtte ekteskap og om tidligere elever som har begynt i en bestemt stilling, reist ut i misjonstjeneste eller utrettet noe spesielt. Tips oss!

Solveig Helseth til minne

22. juli, langt unna Oslo og Utøya, skjedde det en tragisk ulykke der 20 år gamle Solveig Helset fra Egersund ble revet bort så altfor tidlig. Solveig var russ på Tryggheim våren 2010. Solveigs gode venninne og medelev de tre årene på Tryggheim, Mari Ask, beskriver Solveig slik hun husker henne:

Solveig var god og varm; som ei solstråle. Ho brydde seg veldig om menneska rundt seg, særlig born. Hennar ynskje var å få reise til Sør-Amerika og arbeide med borna der. Solveig var kanskje ikkje den som sa mest, men ho hadde likevel ei eiga evne til å vera til stades. Ho var alltid ein av dei som lo høgast, og ho var alltid med når me skulle samlast. Stemninga vart endra etter om ho var i rommet eller ei. Ho gav så mykje til einkvar, berre ved å vere der.

Ho var ein av dei eg kunne vere med utan at det måtte verta sagt noko. Me kunne gå tur eller høre musikk utan å snakke, og det gjorde ingenting, for ingen trong seie noko. Eit av dei sterkeste og kjæraste minna eg har av ho, er frå ein gong me var på UL i Kongeparken. Det var seint om kvelden, og me gjekk og tusla i lag. Eg byrja å verte ganske trøtt og ville eigentleg setje meg ned og nyte litt musikk, noko ho gjerne ville vere med på. Så utanfor teltet, den litt kjølege sumarkvelden, sat me der fornøydde og lytta til avslappande tonar frå ei hardingfele. Kvar gong eg minnest Solveig dreg fram det minnet. Og eg vil halde fram med å dra det fram, for det er den Solveig var for meg; den jenta som alltid var der til å dele dine gleder. Den jenta som brydde seg så mykje om dei ho hadde rundt seg. Den solstråla som gav så mykje, berre ved å vere der.



Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærø

Tryggheim Ungdomsskule

Arbeidsveke for ungdomsskule-elevar

"Kva vil du jobbe med?" er eit spørsmål me sikkert har blitt stilt mange gonger opp i gjennom åra. I fjor haust fekk 9. trinn bli kjend med ulike utdanningsval som ein kan velje på vidaregåande. Kvar elev fekk velje ei eller fleire studieretningars som dei var betre kjend med. Som ein del av dette fekk 9. trinn i vår prøve seg ei veka i arbeidslivet. Eg var rundt og intervjuar nokre den første dagen dei var utplassert.

1. Kva er grunnen til at du valte denne arbeidsplassen?
2. Kva gruppe var du på i utdanningsval? Hjelpte det deg noko til å velje denne jobben i arbeidsveka?
3. Kva har du gjort til nå i dag?
4. Kan du tenke deg å jobbe med dette seinare? Kvifor/kvifor ikkje?
5. Kva forventningar har du til resten av arbeidsveka?

Av Mai Lene Hækk, elev ved Tryggheim ungdomsskule



Møyfrid Njærheim, 15, Tryggheim Barnehage

1. Eg hadde lyst til å sjå korleis det var å jobbe i ein barnehage. Det såg gildt ut.
2. Eg gjekk på Media og Kommunikasjon og Service og samferdsel, så nei, det hjelpte meg ikkje til å velje arbeidsplass.
3. I dag har me teikna og rydda litt og spelt litt spel.
4. Eg veit ikkje heilt. Kunne sikkert gjort det.
5. Eg trur det blir gildt å jobbe her



Berit Elise Østby, 14, Blomsterkroken Nærø

1. Då eg var liten, ville eg jobbe med dette, og eg vil finne ut meir om korleis det er å vere blomsterdekoratør.
2. Eg var på Naturbruk, så det hjelpte meg ikkje så veldig til å velje arbeidsplass. Det er meir for min del eg valte å jobbe her.
3. Til nå har eg vaska golv, tørka støv og rydda litt i hyllene.
4. Ja, eg kan tenke meg å arbeide med dette vidare. Det virkar som eit kjekt og variert arbeid.
5. Eg trur det blir kjekt å teste ut korleis det er å jobbe på ein blomsterbutikk og prøve yrket litt.



Marius Vigre, 15, Coop Mega Nærø

1. Det er ingen spesiell grunn til at eg valte denne arbeidsplassen. Det var vel meir for å teste korleis det er å jobbe i ein butikk.
2. Nei, det gjorde ikkje det. Eg gjekk på Bygg og anlegg, Elektro og Teknisk industriell produksjon i utdanningsval.
3. Eg har for det meste flytta pallar og sett varer i kjøla.
4. Nei, eg trur ikkje det. Det er litt for mykje folk.
5. Eg har ikkje så mange forventningar.



Torbjørn Harbo, 14, Motland skule, 3. trinn

1. For å finne ut korleis det er å vere lærar.
2. Nei, eg var på Media og kommunikasjon og Service og samferdsel, så det hjelpte meg ikkje så veldig.
3. Eg har gjort mykje spennande og gildt. Blant anna har eg vore med i ein RLE-time, ein gym-time, to timer med norsk og ein med matte. Og så har eg hatt matfriminutt midt i.
4. Ja, eg kunne sikkert jobba som lærar. Det er eit spennande og variert yrke.
5. Eg trur eg kjem til å lære mykje nytt og finne ut meir om yrket.

Historia om ein heilt vanleg skuletur

Det er noko særleg spesielt med at skuleklassar dreg på tur. Det skjer jo rett som det er. Sånn sett bør denne teksten om turen til det nye åttandetrinnet ved Tryggheim ungdomsskule bli frykteleg keisam. Ein sånn som du har lese altfor mange gonger før.

Likevel: Det er noko magisk å reisa på tur med 60 smånervøse ungdommar på 12 og 13 år, berre tre dagar etter skulestart. Mange kjenner ingen av dei andre, og nokre kjenner berre nokre få. Suget i magen er nesten synleg og neglebitinga er nesten hørbar i bussen på veg sør og inn i landet, mot den gamle garden på Undeland.

Men så skjer forvandlinga. Kanskje er det sein sommarsola som har virka inn, eller kanskje er det noko med badevatnet på Undeland. Noko skjer i alle fall: Plutseleg kjenner alle kvarandre og det usikre er blåst bort. Sanssynlegvis ligg grunnen i at ein har fått sjansen til å kjenne lukta av kvarandre sine sure sokkar, bli kjent med kvarandre sine matvanar og -vanar og ikkje minst: Ein har funne ut kva for lærarar som var kule og kva for nokre som heia på Liverpool.

Alle var i alle fall enige om at det hadde vore ein fin tur.

Knut Reier Indrebø



8. trinn tek seg godt av kvarandre, og sørger her for den daglege massasje.



Under naturstiene var ei oppgåvane å kle ein av gruppemedlemmene som indianar. Her er Tonje Vigre.



Andreas Sleire og Eivind Veen Høien i stor koncentrasjon under «Stein, saks, papir».



Martin Lende testar løypeforholda under naturstien.